

Forstandar Geir Gundersen fører jubileumsmotto vidare og inviterer til:

Kjærleikens skule

- Det har gjort godt og det har gjort vont å opne sinnet for innhaldet i mottoet: «Utan kjærleik døyr mennesket», helste forstandar Geir Gundersen studentar og tilsette i ei fullsett kantine ved opninga av haustsemesteret. Nå vil han føre dette kjærleiksmottoet vidare i ein kjærleikens skule.

- På denne skulen vil du få oppleva læringa si lukke og smerte. For det gjer vont når knoppar brest og ein Jesu etterfølgjar blir fødd.

Den gamle Adam kjem av seg sjølv

- Framfor jubileumsåret 1990 fekk vi og bestemte oss for mottoet: «Utan kjærleik døyr mennesket». Det har gjort godt og det har gjort vont å opne sinnet for innhaldet i det mottoet. Slik det alltid gjer når du tek innover deg noko fundamentalt sant. Og vi har kjent korleis det treff og utfordrar vårt liv og livet ved Diakonhjemmet, opna Geir Gundersen helsningstalen sin til studentar og tilsette i ei fullsett kantine ved Diakonhjemmets Høgskolesenter. Nå ville han eit steg vidare og kunne invitere til ein kjærleikens skule med det mål å lære og gi frå seg kjærleikskunsten, ars amandi.

- For ein kunst er det. Til forskjell frå naturen veks ikkje kunsten fram av seg sjølv. Det som kjem av seg sjølv, det er den gamle Adam det. Og vi kjenner han att i kjeisemda, omklamring, bruk av andre til å til-fredsstille seg sjølv, overdreven narsisisme og anna svineri.

Gundersen peika på at det vi treng for å lære og kjempe mot likesæla og vondskapen, som kjem frå vår eigen natur - den gamle Adam -, ikkje er langt borte. Det er oss sjølve, kvarandre. Det er Guds gåve, Guds skapartanke i kvart menneske.

Intet ærefullt tilbaketog

Det beste uttrykket for det gamle kristne kjærleikordet agape er i følge Gundersen det moderne ordet solidaritet. Å stå saman med eit anna menneske når det er skjørt, svakt, vaklande eller fattig. Han gjorde Richard Rohrs ord i boka «Villmannen» til sine og siterte: «Jesu solidaritet bragte ham til korset. Det er kjærlighet. Ingen vil la seg korsfeste frivillig. Omvendelse skjer ikke frivillig. Det skjer når jeg stiller meg overfor virkeligheten uten å flykte unna. Da skjer omvendelsen til tross for min motstand og angst.»

Kjærleiken i ekteskapet er illustrerande for kva kjærleikens skule vil lære dei elevane som frivillig har søkt han og sagt ja: «Denne selvvalgte situasjon kan til sist føre oss dit hvor vi aldri ville være innstilt på å gå frivillig. Har man engang gitt dette løftet er man også skyldig til å forsøke alt inntil det ytterste for å forbli solidarisk med sin kone, med sine barn. Man har gått i kjærlighetens felle, og nå finnes det ingen annen mulighet enn å lære seg kjærlighet. Det finnes intet ærefullt tilbaketog mer. Hvis man ikke lærer å elske, blir man stående der som et fullkomment naut», siterte Geir Gundersen.

Lær å elske av ein som kan det

- Kven skal vi gå til for å lære kjærleikskunsten? Vi må gå til ein lærar, ein som kan det. Ein som har gått vegen før oss. Han som før liding og død ser opp til himmelen og ber sin Himmelske Far om ein ting: «Lær dei å elske kvarandre».

«Då skal verda skjønna at du har sendt meg, og at du har elska dei, liksom du har elska meg. Eg har kunngjort namnet mitt for dei og skal kunngjera det, så den kjærleiken du har hatt til meg, kan vera i dei, og eg sjølv kan vera i dei, siterte Gundersen frå 17. kapittel i Johannesevangeliet.

Han meinte at ein på kjærleikens skule ikkje berre kan spørja etter kva Jesus gjorde for meg, men - Korleis elsker Jesus? og - Kva gjer Jesus når han elsker?

Kristne har øydelagt Jesus

- Korleis har dei kristne klart å øydeleggje Jesus for oss? Eg hørde nokon i fortvilning og sorg stille det spørsmålet i sommar. Ein kunne gråte bøtter over det sviket. Det finst så mange som aldri fekk møte Jesus, sjølv om dei fekk tuta øyrene fulle av søte ord om han.

- Noko av det verste er å gjera seg til herre over evangeliet ved å la det fylle



- I kjærleikens skule vil du få oppleva læringa si lukke og smerte. For det gjer vont når knoppar brest og ein Jesu disippel vert fødd, utfordra Geir Gundersen tilsette og studentar ved Høgskulesenteret ved åpninga i haust.

vårt behov for å døyva uroa og ubehaget i livet. Det er åndelig pillemisbruk med Jesus som den falske trøystaren. Det er ufatteleg sterke krefter som heile tida arbeider for å gjere evangeliet til sukkerlake for å sleppe å forandre seg.

Gundersen peika på at Jesus ikkje møter uroa med trøyst eller deler ut lukke, men konfronterer. Når Jesus stadig stiller sårande spørsmål som vekker ubehag hjå disiplane, farisearane og sjuke er det fordi han elsker. Det er den ubehagelige sanninga som frigjer.

Tørst etter liv

- Når Jesus elsker held han seg nær til syndarar og tollarar, men held farisearane på avstand. Men kjærleiken er ikkje selektiv. Hjarta hans brenn for alle, også for dei akk så menneskelege farisearane. Men han søker etter dei som tørstar etter liv.

- Farisearane er så låst i si sjølvoppfatning at når dei møter den friske livgivande kjærleiken synes dei den er ekkel, klissete og farlig, mest erotisk. Dei står på avstand og knurrar. Men Jesus står på livsens side. Difor held han seg nær til dei som livet gjekk sundt for, og som blei skadde og såra i si jakt etter livet.

Frå barn til vaksen

Gundersen peika på at utviklinga går frå barn til vaksen i kjærleikens skule. At Jesus gir den einskilde det han treng for sjølv å kome vidare. Som døme på dette viste han til Jesu møte med Maria Magdalena utanfor grava.

- Han som hadde møtt henne og svara på hennar djupaste lengsler held seg tilbake og seier: «Rør meg ikkje». Fordi Jesus elsker veit han at det Maria no treng er å leve sjølv, leve og vekse. Ho treng å bli løyst frå han for å få eit sterkare forhold til han.

- Slik som Maria måtte løysast frå omklamringa, måtte skeptikaren og tvilaren Tomas ha kroppskontakt og kjenne hola i hendene og sida til Jesus. Trua måtte flyttast frå hovud til kropp.

- Jesus elsker med den kjærleiken som ikkje bind, men set fri. Dei fekk bae det dei trong for å vekse endå det gjorde vont for Maria å bli avvist og for Tomas å bli konfrontert med si vantru.

Kjærleikens felle

- På kjærleikens skule er vi alle invitert til å øve oss i kjærleiken. Det er ein skule med høgde og djup og mange kvardagar. På denne skulen vil du få oppleve både lukke og smerte ved å lære. For det gjer vont når knoppar brest og ein Jesu etterfølgjar blir fødd, avslutta Gundersen og spurte etter alternativet til å gå i kjærleikens felle når du ser korleis livet ditt heng saman med andre sitt og du oppdagar djupet i ditt eige liv.



Hilsen fra Diakonhjemmet

REDAKSJON:

Forstander Geir Gundersen, redaktør.
Leif Kjell Askeland, redaksjonssekretær.
Adr.: Boks 23 Vinderen, 0319 OSLO 3.
Tlf.: 02/46 39 52 - 46 59 50

Tekst og foto (hvor annet ikke er oppgitt):
Leif Kjell Askeland

Layout: Leif Kjell Askeland
Trykk: Speed Trykk, Skoger

FORSIDEBILDET:

Glade over god respons på den landsomfattende inspirasjonskonferansen Diakoni '90 er komitéens medlemmer f.v. Dag Terje Finnbakk, Kristin Fæhn, Maja Osberg (komitéens leder), Leif Kjell Askeland og Sissel Hodne Steen. Komitéens 6. medlem Dag Rakli var ikke med da bildet ble tatt.
Foto: Arnt Harald Jerpstad.